

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for
Heggeneset, Seljord kommune

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark,
oktober 2024

Innhold

1.	FORSLAG.....	3
1.1	Heimelsgrunnlag	3
1.2	Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
1.3	Andre interesser.....	5
1.4	Planstatus.....	5
2.	SAKSHANDSAMING	5
2.1	Sakshandsamingsprosessar.....	5
2.2	Forholdet til utredningsinstruksen	5
2.3	Forvaltningsmyndighet	6
3.	VIKTIGE ENDRINGER UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	6
3.1	Namn.....	6
3.2	Avgrensing.....	6
3.3	Verneføresegn.....	7
4.	FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR	7
4.1	Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	7
4.2	Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	8
4.3	Avvegning skogvern – skogbruk.....	8
4.4	Forvaltningsmynde	8
5.	Skildring av Heggeneset med merknader	8
1.	Heggeneset, Seljord kommune.....	8

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av Heggeneset naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Heggeneset er eit nytt naturreservat.

Tilrådinga omfattar 2233 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 2188 dekar, og av dette er 2171 dekar produktiv skog.

Området som blir foreslått verna, er:

1. Heggeneset i Seljord kommune, Telemark fylke

1.1 Heimelsgrunnlag

Området blir foreslått verna i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten innehold trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfold, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane *a (variasjonsbreidda av naturtyper og landskap), b (artar og genetisk mangfold), c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar)*.

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjoner.*
- *Økosistema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua arter og naturtyper skal utslettast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtyper skal betras.*

Opprettig av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfold artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfold, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Området vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedteke av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det foreslårte verneområdet inkluderer viktige naturtyper og mange trua og nær trua artar.

Vern av området bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det foreslårte

verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økossystemjenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for områda knytt til mellom anna fire raudlista naturtypar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå:

Brynjulvsrud, J. G. 2021. Naturverdier for lokalitet Heggeneset, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i områda som blir foreslårte verna er først og fremst hogst. Vern av det foreslårte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitatar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitatar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og der den som skadar miljøverdiar betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskrifta kan førast vidare, med liten grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget veklagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærmare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldslovem kapittel II, blir det vist til omtalen av Heggeneset i kapittel 6.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Kraft og energi:

Det går ein kraftleidning i sør og innanfor verneforslaget, ved Våtekleiv. Dette er ein 22kV kraftleidning eigd av Vest-Telemark Kraftlag AS. Telemark Nett AS er områdekonsesjonær.

Verneforslaget Heggeneset grensar til regulert vassdrag, Seljordvatn vassmagasin.

Det er ikkje registrert kraftpotensial (digitalt småkraftpotensial) innanfor verneforslaget i NVE sin kartinnsynsløysning.

Mineral

Det er ikkje registrert mineralførekomstar innanfor Heggeneset.

Vegar

Det går fleire traktorvegar innanfor området. Riksveg 36 går i tunell under Våtekleiv i ein strekning på litt over 500 meter. Gammal strekning på riksveg 36 ligg innanfor verneforslaget heilt sør i området. Deler av strekninga er grodd att. Utarbeidd skjøtselsplan tek for seg dette området.

Jakt

Statsforvaltaren kjenner til at det blir jakta på stor- og småvilt i området.

1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Seljord kommune sin arealplan.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosesser

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring
Heggeneset	08.06.2020	19.05.2023	04.07.2024

Tilbod om frivillig vern av skog kom inn frå private grunneigarar gjennom AT Skog.

2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjев ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnssnytta av verneforslaget vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir innspel omtala og generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslag for Heggeneset frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i området og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjord endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avvegning mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.3 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

I sin uttale til oppstartsmeldinga sa Språkrådet at SSR berre har registrert bruksnamnet Heggenes i ubunden form, men heradsregisteret har uttale i bunden form. Språkrådet bad difor Kartverket reise namnesak på bruksnamnet og avleidde namn. Skrivemåten som blir vedtatt for bruksnamnet blir retningsgivande for reservatnamnet sa dei. I uttale til høyringa seier Språkrådet at Kartverket reiste namnesak på Heggenes(et) 05.06.2023, og Språkrådet sendte tilråding til Kartverket 28.06.2024. Skrivemåten Heggeneset vart fastsette av Kartverket av vedtak 01.08.2024. Dokumenta i namnesaka følgjer som eige vedlegg.

3.2 Avgrensing

Det er gjennomført endringar i avgrensingar for Heggeneset før høyring. Det er i samband med omsynet til mellom anna klippebåtmøllen at grensa blei utvida ned mot Seljordvatnet. Delar av det arealet er i gjengroingsfase og må opnast opp for å take vare på viktige insektartar i området. Det er og teke ut eit mindre areal for å grense ut ein traktorveg ved garden nedre Heggenes, noko som har splitta verneforslaget i to skilde areal i det området.

I høyringskartet var området splitta i tre delar. I samband med tilrådinga har vi etter nærmere undersøkingar med AT Skog funne ut at den splittinga som gjekk fram av høyringskartet i sørleg del viste seg å vere ei gammal kraftlinegate som ikkje lenger er i bruk. Denne gamle kraftlinia samsvarar med dagens trasé for tunell. Vi har endra dette slik at området ikkje lenger er splitta. Samla sett er heile verneforslaget no berre splitta i to areal. Det er og teke ut noko areal ved at vernegrensa er løfta opp frå RV36 (ca. 8 meter frå vegkant). Areal ut etter høyring er 3,7 daa, medan areal inn etter høyring er 5 daa. Totalareal for området etter dette blir 2232 daa (UTM sone 32).

3.3 Verneføresegn

Det er gjennomført visse endringar i verneføresegnene etter høyringa. Skildring av området er bytta ut med tekst som er meir tilpassa malen til Miljødirektoratet. Etter denne endringa føreslår vi eit føremål som lyder slik:

«Føremålet med forskrifta er å verne eit område i låglandet som representerer bestemde typar natur i form av kalk- og lågurtfuruskog, lågurtedellauvskog, svært tørkeutsett sørleg kalkberg, fosseberg og bekkekløft. Området har særskild betydning for biologisk mangfold på grunn av gammal skog med mykje daud ved, samt sjeldne og trua artar av karplantar, sopp, mose, lav og insekt.»

Statsforvaltaren har teke ut § 3 bokstav e om forbod mot bålbrenning.

I § 4 bokstav b er unntak for fiske tatt ut.

I § 4 d har vi presisert at unnataket gjeld for traktorvegar og stiar.

§ 5 bokstav b har vi presisert at sykling, riding og hest er forbode utanom *traktorvegar* og sti.

I § 6 bokstav b og § 7 bokstav c har vi teke ut villsvin.

I § 7 bokstav f har vi lagt til hogst av etablerte plantefelt. Vi har også lagt § 4 bokstav e og § 7 bokstav f i samband med motorferdsle.

4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanen til kommunen avsett til Landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiane i området er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige mogleighetene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre område for friluftsliv og jakt.

4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiane. Det er utarbeidd ein skjøtselsplan for den sørlege delen av området for å take vare på raudlista insektartar som er avhengig av opne og soleksponerte areal. Det krev at ein ryddar gjengroingsvegetasjon. Småskog og krattoppsslag må hogast ned og fjernes på utvalde deler av området for å skape større engareal og hindre utskygging av fjellsidene og tørrengene langs den tidlegare vegstubben (R36). Større flater med blomsterrikt engareal skal gjenskapast for å sikre levestader, vertsplanter og næringsplanter for sjeldne og trua insekt, inkludert den kritisk trua klippebåtmøllen. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i delar av området.

4.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltingstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Heggeneset som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigar før 1. februar 2022. Området blir difor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet .

4.4 Forvalningsmynde

Statsforvaltaren har i samband med høyringa ikkje fått stadfesta om Seljord ønskjer å overta forvalningsmynde for Heggeneset. Statsforvaltaren har bede om tilbakemelding i eigen e-post dagsett 20. august 2024. Førebels har vi ikkje motteke svar.

5. Sildring av Heggeneset med merknader

1. Heggeneset, Seljord kommune

Totalareal 2233 dekar.

Skogareal totalt 2188 dekar.

Produktiv skog 2171 dekar.

Skogdata er levert frå AT Skog, basert på UTM sone 33.

Verneformål og særskilte verneverdier:

Føremålet med forskrifta er å verne eit område i låglandet som representerer bestemde typar natur i form av kalk- og lågurtfuruskog, lågurtedellauvskog, svært tørkeutsett sørleg kalkberg, fosseberg og bekkekløft. Området har særskild betydning for biologisk mangfold på grunn av gammal skog med mykje daud ved, samt sjeldne og trua artar av karplantar, sopp, mose, lav og insekt.

Teksten om verneverdiar er henta frå kartleggingsrapporten som er skrive på bokmål.
Statsforvaltaren har ikkje oversatt den til nynorsk.

Heggeneset er eit område som ligg i boreonemoral sone (95%) med overgang mot sørboreal sone (5%) i høyere lag. Området ligger i overgangsseksjonen - OC, med øvre lag grensende mot svakt oseanisk seksjon – O1. Området omfatter stor variasjon i lokalklima som spenner over sør vendte solsvitte berg til skyggefulle bekkekløftmiljøer med stabilt høy luftfuktighet og mindre fossesprøtypåvirkede arealer. Topografen i området er variert og omfatter bratte sør- og vest vendte lisider, spredte flater og bekkekløft.

Innenfor avgrenset areal forekommer store arealer med rike vegetasjonstyper, men fattige vegetasjonstyper dominerer i høyeliggende områder. I lavereliggende områder med relativt tykt jordsmonn dominerer lågurt- og bærlyngvegetasjon, flere steder i det øverste sjiktet i overgang mot kalk-lågurtvegetasjon. Treslagssammensetningen er rik. Furu dominerer i høyeliggende områder men edelløvtrær forekommer forholdsvis høyt i området. De lavereliggende lisidene domineres av blandingskog, ofte grandominert med edelløvsorter som spisslønn, alm, lind, ask, hassel i mellomsjiktet, samt spredte forekomster av eik.

Tabell 1. Oversikt over raudlista artar og truethetskategori innanfor verneforslaget Heggeneset, henta ut frå Artskart. Det er henta ut berre dei nyaste registreringane for kvar einskilde art. Artar som er utevra er namngjevne i kartleggars rapport. For nokre artar er funndato ukjend.

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Kategori	Funndato
klippebåtmøll	<i>Scrobipalpa reiprichi</i>	Kritisk truet (CR)	03.06.2024
almekullsopp	<i>Hypoxylon vogesiaccum</i>	Nær truet (NT)	17.08.2020
almekullsopp	<i>Hypoxylon vogesiaccum</i>	Nær truet (NT)	17.08.2020
almelav	<i>Gyalecta ulmi</i>	Nær truet (NT)	ukjend
apollosommerfugl	<i>Parnassius apollo</i>	Nær truet (NT)	31.07.2024
askesmalmott	<i>Euzophera pinguis</i>	Nær truet (NT)	28.07.2024
blanknål	<i>Calicium denigratum</i>	Nær truet (NT)	17.08.2020
bleikdoggnål	<i>Sclerophora pallida</i>	Nær truet (NT)	17.08.2020
burotblomsterflue	<i>Triglyphus primus</i>	Nær truet (NT)	01.01.2009
flekkgrisøre	<i>Hypocharis maculata</i>	Nær truet (NT)	13.06.2023
grønnsko	<i>Buxbaumia viridis</i>	Nær truet (NT)	17.08.2020
gråbrun svevefjärmøll	<i>Oxyptilus tristis</i>	Nær truet (NT)	28.07.2024
gulflekket plankeveps	<i>Monosapyga clavicornis</i>	Nær truet (NT)	05.06.2009
kort trollskjegg	<i>Bryoria bicolor</i>	Nær truet (NT)	ukjend
labbmose	<i>Rhytidium rugosum</i>	Nær truet (NT)	11.08.2020
langsabeledderkopp	<i>Cheiracanthium oncognathum</i>	Nær truet (NT)	10.10.2015
lind	<i>Tilia cordata</i>	Nær truet (NT)	13.06.2023
lindesmalmott	<i>Salebriopsis albicilla</i>	Nær truet (NT)	21.06.2023
markveiveps	<i>Evagetes proximus</i>	Nær truet (NT)	10.08.2014
rosenfink	<i>Carpodacus erythrinus</i>	Nær truet (NT)	19.05.2023
rosenkjuke	<i>Fomitopsis rosea</i>	Nær truet (NT)	17.08.2020
rynkeskinn	<i>Phlebia centrifuga</i>	Nær truet (NT)	17.08.2020
skoddelav	<i>Menegazzia terebrata</i>	Nær truet (NT)	ukjend
skogdvergmaur	<i>Temnothorax nylanderii</i>	Nær truet (NT)	20.05.2024

slettsnok	<i>Coronella austriaca</i>	Nær truet (NT)	28.07.2023
sprikeskjegg	<i>Bryoria nadvornikiana</i>	Nær truet (NT)	17.08.2020
stengelvedgraver	<i>Ectemnius rubicola</i>	Nær truet (NT)	04.06.2022
stjernetistel	<i>Carlina vulgaris</i>	Nær truet (NT)	05.04.2017
stor blodsmeller	<i>Ampedus cinnabarinus</i>	Nær truet (NT)	30.05.1998
stor lakkismjeltsekkmøll	<i>Coleophora gallipennella</i>	Nær truet (NT)	26.06.2016
storskav	<i>Phalacrocorax carbo</i>	Nær truet (NT)	17.08.2016
storstjernetistel	<i>Carlina vulgaris subsp. <i>longifolia</i></i>	Nær truet (NT)	04.08.1974
strandveiveps	<i>Evagetes pectinipes</i>	Nær truet (NT)	20.06.2024
strybarkmåler	<i>Alcis jubata</i>	Nær truet (NT)	28.07.2024
svart pelsblomsterflue	<i>Crriorhina ranunculi</i>	Nær truet (NT)	07.05.2024
svartsonekjuke	<i>Phellinus nigrolimitatus</i>	Nær truet (NT)	17.08.2020
taksvale	<i>Delichon urbicum</i>	Nær truet (NT)	21.07.2016
toflekkt maurbladbille	<i>Labidostomis humeralis</i>	Nær truet (NT)	22.05.2022
trådragg	<i>Ramalina thrausta</i>	Nær truet (NT)	ukjend
tårnseiler	<i>Apus apus</i>	Nær truet (NT)	05.06.2021
østlig skogbrynflue	<i>Epistrophe cryptica</i>	Nær truet (NT)	31.05.2023
åkermåne	<i>Agrimonia eupatoria</i>	Nær truet (NT)	17.08.2020
alm	<i>Ulmus glabra</i>	Sterkt truet (EN)	22.06.2021
ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	Sterkt truet (EN)	13.06.2023
belgvepsebie	<i>Nomada villosa</i>	Sterkt truet (EN)	02.06.2009
furusotblomsterflue	<i>Psilotota atra</i>	Sterkt truet (EN)	20.06.2024
lyngblodbie	<i>Sphecodes puncticeps</i>	Sterkt truet (EN)	17.06.2022
mørk papirveps	<i>Polistes biglumis</i>	Sterkt truet (EN)	20.05.2024
prydmaneflekkflue	<i>Eumerus ornatus</i>	Sterkt truet (EN)	20.06.2023
råtetvebladmose	<i>Scapania carinthiaca</i>	Sterkt truet (EN)	17.08.2020
råtetvebladmose	<i>Scapania carinthiaca</i>	Sterkt truet (EN)	11.08.2020
sandkanttege	<i>Nemocoris fallenii</i>	Sterkt truet (EN)	07.07.2023
solsandbie	<i>Andrena apicata</i>	Sterkt truet (EN)	13.04.2024
sotsandbie	<i>Andrena nigrospina</i>	Sterkt truet (EN)	02.06.2024
sørlig vepseblomsterflue	<i>Chrysotoxum octomaculatum</i>	Sterkt truet (EN)	02.06.2024
blank biegullveps	<i>Chrysura radians</i>	Sårbar (VU)	03.07.2009
fiolett kulegullveps	<i>Pseudomalus violaceus</i>	Sårbar (VU)	28.07.2023
fiskemåke	<i>Larus canus</i>	Sårbar (VU)	04.07.2018
fiskeørn	<i>Pandion haliaetus</i>	Sårbar (VU)	28.07.2024
granmeis	<i>Poecile montanus</i>	Sårbar (VU)	08.08.2024
grønnfink	<i>Chloris chloris</i>	Sårbar (VU)	29.07.2016
gråmåke	<i>Larus argentatus</i>	Sårbar (VU)	27.05.2017
gulspurv	<i>Emberiza citrinella</i>	Sårbar (VU)	17.06.2016
haspesilkeedderkopp	<i>Drassyllus pumilus</i>	Sårbar (VU)	20.05.2023
heisekkeedderkopp	<i>Porrhoclubiona genevensis</i>	Sårbar (VU)	09.05.2017
hårkjuke	<i>Funalia trogii</i>	Sårbar (VU)	ukjend
junivepseblomsterflue	<i>Chrysotoxum vernale</i>	Sårbar (VU)	01.06.2023
klapgresshoppe	<i>Psophus stridulus</i>	Sårbar (VU)	29.07.2024

knuskkjukemøll	<i>Scardia boletella</i>	Sårbar (VU)	20.06.2023
kyståkermåne	<i>Agrimonia procera</i>	Sårbar (VU)	29.07.1958
lys humleflue	<i>Villa cingulata</i>	Sårbar (VU)	29.07.2009
pastellkjuke	<i>Rhodonia placenta</i>	Sårbar (VU)	17.08.2020
pastellkjuke	<i>Rhodonia placenta</i>	Sårbar (VU)	11.08.2020
prikket kvikkjeger	<i>Phrurolithus minimus</i>	Sårbar (VU)	09.06.2024
rimnål	<i>Chaenotheopsis viridialba</i>	Sårbar (VU)	ukjend
skogbladskjærerveps	<i>Discoelius zonalis</i>	Sårbar (VU)	16.07.2015
skyggemaur	<i>Stenamma debile</i>	Sårbar (VU)	10.10.2015
springfrødråpemåler	<i>Ecliptopera capitata</i>	Sårbar (VU)	20.06.2023
sølvfotet måneflekkflue	<i>Eumerus flavidarsis</i>	Sårbar (VU)	15.06.2022
sørlig bronseblomsterflue	<i>Ferdinandea ruficornis</i>	Sårbar (VU)	17.06.2022
tørrmarksåblomsterflue	<i>Pelecocera tricincta</i>	Sårbar (VU)	01.01.2009
villeple	<i>Malus sylvestris</i>	Sårbar (VU)	13.06.2023

Tabell 2. Oversikt over raudlista artar utan norsk namnsetting og truethetskategori innanfor verneforslaget Hegggeneset, henta ut frå Artskart. Det er henta ut berre dei nyaste registreringane for kvar ein skilde art.

Vitskapeleg namn	Kategori	Funndato
<i>Apethymus apicalis</i>	Nær truet (NT)	10.10.2015
<i>Astenus procerus</i>	Nær truet (NT)	19.05.2023
<i>Bryotropha affinis</i>	Nær truet (NT)	30.05.2023
<i>Coleophora albitalrella</i>	Nær truet (NT)	19.06.2023
<i>Crepidodera lamina</i>	Nær truet (NT)	22.05.2022
<i>Cryptolestes corticinus</i>	Nær truet (NT)	15.06.2017
<i>Dasytes aeratus</i>	Nær truet (NT)	30.05.1998
<i>Malthinus seriepunctatus</i>	Nær truet (NT)	01.01.2009
<i>Opatrium sabulosum</i>	Nær truet (NT)	01.01.1998
<i>Orobitis cyanea</i>	Nær truet (NT)	01.01.1998
<i>Stenus ochropus</i>	Nær truet (NT)	19.05.2023
<i>Stephostethus alternans</i>	Nær truet (NT)	17.06.2009
<i>Taphropeltus hamulatus</i>	Nær truet (NT)	12.04.2024
<i>Tropistethus holosericeus</i>	Nær truet (NT)	12.04.2024
<i>Centrotoma lucifuga</i>	Sterkt truet (EN)	16.04.2022
<i>Cteniopus sulphureus</i>	Sterkt truet (EN)	28.07.2024
<i>Cyanapion columbinum</i>	Sterkt truet (EN)	26.06.2019
<i>Elachista occidentalis</i>	Sterkt truet (EN)	04.07.2018
<i>Eutrichapion melancholicum</i>	Sterkt truet (EN)	26.06.2019
<i>Hymenalia rufipes</i>	Sterkt truet (EN)	08.07.2016
<i>Agonopterix hypericella</i>	Sårbar (VU)	20.05.2024
<i>Crassa tinctella</i>	Sårbar (VU)	08.06.2018
<i>Cryptophagus confusus</i>	Sårbar (VU)	08.04.1998
<i>Dryinus niger</i>	Sårbar (VU)	29.07.2009
<i>Elachista bisulcella</i>	Sårbar (VU)	18.08.2016
<i>Epyris bilineatus</i>	Sårbar (VU)	04.09.2015

<i>Grapholita gemmiferana</i>	Sårbar (VU)	20.05.2024
<i>Hypercallia citrinalis</i>	Sårbar (VU)	28.07.2024
<i>Klimeschiopsis kiningerella</i>	Sårbar (VU)	31.05.2023
<i>Lampronia morosa</i>	Sårbar (VU)	27.05.2016
<i>Macrophya blanda</i>	Sårbar (VU)	03.07.2009
<i>Megacoelum infusum</i>	Sårbar (VU)	04.09.2015
<i>Phyllonorycter nigrescentella</i>	Sårbar (VU)	18.08.2016
<i>Scopaeus sulcicollis</i>	Sårbar (VU)	01.01.1998
<i>Trichomyia urbica</i>	Sårbar (VU)	10.10.2015
<i>Xyletinus longitarsis</i>	Sårbar (VU)	02.06.2009

Gammel fleraldret blandingskog dominerer i avgrenset verneverdig areal, foruten i de høyereliggende områdene hvor gammel barskog dominerer. Det er på det jevne rikelige forekomster med død ved innenfor avgrenset areal med alle treslag representert. Det er i store deler av området god spredning i nedbryningsstadier, men med noe lavere kontinuitet med død ved av furu. Søyleeiner er forholdsvis vanlig forekommende på kollene, og det er noe solsvitte gadd og læger av furu i sørlig eksponerte lisider. Hule edelløvtrær opptrer spredt i lokaliteten, samt hule grove ospetrær.

Det er avgrenset 8 kjerneområder innenfor kartlagt areal hvorav 6 kjerneområder er vurdert som svært viktig (A-verdi) og 2 kjerneområder som viktig (B-verdi). Flere rødlistede naturtyper er registrert innenfor avgrenset areal; kalk- og lågurtfuruskog (VU), lågurtedellauvskog (VU), svært tørkeutsatt sørlig kalkberg (NT), frisk rik edellauvskog (NT) og fosseberg (VU).

I rapporten til kartlegger innenfor artsgruppene karplanter, lav, sopper og moser er det registrert 19 rødlistede arter inkludert ask og alm (1 EN, 6 VU, 12 NT). I tillegg er det registrert over 60 unike rødlistede arter innen artsgruppene insekter og edderkoppdyr. Det er et videre potensial for flere krevende arter innen alle nevnte artsgrupper i lokaliteten.

Statsforvaltaren har henta ut ein oversikt frå artskart på alle raudlista artar som er registrert innanfor verneforslaget. Dette går fram av tabell 1 og 2, der det i tabell 1 er lista opp 82 raudlista artar med norske namn, medan det i tabell 2 er lista opp ytterlegare 36 artar utan norsk namn. Innanfor kategoriane CR, EN og VU – som er dei kategoriane som omfattar trua artar - er det totalt 63 artar (høvesvis 1, 19 og 43). Statsforvaltaren registrerer at dette talet på raudlista artar er heilt unikt i arbeidet med det frivillige skogvernet i Vestfold og Telemark.

Området Heggeneset vurderes samlet å være nasjonalt verneverdig (***) .

Området Heggeneset oppnår høy mangeloppfyllelse på mangelnaturtyper som følge av over 50 daa rik blandingskog i lavlandet og store arealer med intakt skogsbekkekløft som begge har høyt udekket vernebehov i fylket. Området oppnår høy mangeloppfyllelse på generelle mangler som følge av over 250 daa lavlandsskog, høybonitetsskog og biologisk gammel skog. Området Heggeneset oppnår samlet høy mangeloppfyllelse.

Heggeneset ligg nært Hønsejuvet naturreservat som ble verna i juni 2023. Avstanden til Hønsejuvet er ca. 2 km i austleg retning. Statsforvaltaren har eit tilbodsområde som heiter Skriufjellet som no er i verneprosess (høyring nært foreståande) som blir liggande mellom Heggeneset og Hønsejuvet. Om

lag 4 km i vestleg retning ligg eit anna komande verneområde som heiter Bjørgefjell. Mellom Bjørgefjell og Heggeneset har Statsforvaltaren fått ytterlegare eit tilbodsområde som ikkje er vurdert enno, men som ser ut til å vere interessant for vern. Saman vil desse områda danne eit godt økologisk nettverk.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Det er stiar og traktorvegar innanfor verneforslaget. RV36 går i tunell under Våkleiv heilt sør i verneområdet. Elles er det ingen kjente tekniske inngrep.

Samandrag av høyringsfråseggnene:

Verneplanen blei sendt på høyring saman med fire andre område i Telemark. Nedanfor er det lista opp mottakarar for alle desse fem områda. Mottakarlista omfattar grunneigarar i Heggeneset (ikkje med her), og lokale, regionale og sentrale lag, foreiningar, organisasjonar og etatar. Følgjande mottakarar har motteke høyringa:

Telemark fylkeskomme, Seljord kommune, Naturvernforbundet i Vest-Telemark, Bø turlag, Bø løypelag v/ Thorkildsen, Gvarv turlag, Midt-Telemark sopp- og nyttevekstforening, Bø Orienteringslag, Bø skogeierlag, Bø klatrekubb, Sauherad jeger- og fiskeforening, Seljord skogeigarlag, Seljord turlag, Seljord jakt- og fiskelag, Sundsbarm Kraftverk DA, Kviteseid Jeger- og Fiskerforening, Kviteseid løypelag, Kviteseid turlag, Kviteseid skogeierlag, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Birdlife Telemark, Birdlife Indre Telemark v/Kjell Bitustøyl, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Telemark Nett AS, Føre AS, Midt-Telemark Energi AS, DE Nett AS, Akershus Energi Vannkraft AS, Lede AS, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Foreining, Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådenes Landsforbund, Institutt for biovitenskap, Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Foreining, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Stiftelsen Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Birdlife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Foreining, NSB hovedadm., NTNU, Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU, Ringve botaniske have, NTNU, Vitenskapsmuseet, SABIMA, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, Stiftelsen WWF Verdens naturfond.

Det har kome inn 9 høyringsuttaler til verneforslaget. Vi har i tillegg tatt med uttaler til oppstartsmeldinga når instansen berre har kome med uttale til den (Forsvarsbygg og Landbruksdirektoratet).

Språkrådet hadde ingen merknadar, og visar til deira tilråding dagsett 01.06.2023. Vidare seier Språkrådet at Kartverket reiste namnesak på Heggenes(et) 05.06.2023, og at Språkrådet sendte

tilråding til Kartverket 28.06.2024, kor saka ligg i påvente av vedtak. Sjå kapittel 3.1 for meir informasjon.

Lede AS skriv at dei ikkje har områdekonsesjon i Seljord kommune. Dei ber SFVT om å kontakte gjeldande områdekonsesjonær, Telemark Nett AS, for uttale. Lede har ikke anlegg som er etablert etter anleggskonsesjon innenfor kommunen. Vidare seier Lede AS at det foreligger ingen planar om utvikling av regionalnettlanlegg nær ved det føreslegne verneområdet.

BaneNor SF har gitt uttalelse, men har ikke hatt merknader til verneforslaget.

Statnett uttalar at planlagt vern og utviding av eksisterande naturreservat ikkje rører ved Statnett SF sine anlegg eller framtidige planar. Statnett har difor ingen merknader til foreslått vern.

Forum for natur og friluftsliv Telemark har kome med ein generell uttale til den felles høyringa, der dei ikkje har gitt konkret uttale til det einskilde område som var på høyring.

Direktoratet for mineralforvaltning seier at dei ikkje hadde merknadar til melding om oppstart av verneplanprosess for Heggeneset naturreservat. Det har ikkje kome til nye registreringar av mineralske ressursar eller bergettatar i området sidan dette. DMF har ikkje merknadar til høyringa av verneplan for Heggeneset.

Norges Geologiske Undersøkelse har kome med uttale til den felles høyringa for fleire område, men ikkje gitt uttale til Heggeneset.

Norges vassdrags- og energidirektorat uttalar at det innanfor det føreslegne verneområdet Heggeneset er eit kryssande nettanlegg drifta av Telemark Nett AS som er områdekonsesjonær. Standardføresegner for energi- og kraftanlegg er lagt inn i forskriften. NVE ber Telemark Nett AS om å utale om behovet knytt til eksisterande eller planlagde prosjekter i verneområdet. Verneområdet grensar mot eit reguleringsmagasin Seljordvatnet. Det er Bø kommune som er innehavar av reguleringskonsesjonen. NVE ber Statsforvaltar om å ta kontakt med Bø kommune slik at dei får moglegheit til å uttale om verneforslaget kjem i konflikt med drift av reguleringsmagasin, konsesjonsføresegner, om erstatninger gitt tidligere til grunneigare og vurdere om det er aktuelt med heving av høgaste regulerte vannstand (HRV) i framtida. NVE gjør merksom på at vern ned til høgaste regulerte vannstand (HRV) vil begrense moglegheiter for aukning av HRV i framtiden. Dei ber Bø kommune om å uttale seg sjølv i tilfeller uten konflikt.

Statkraft Energi AS støttar NVE sin uttale på vegne av dei (eigentleg for utviding av Brokefjell som var på høyring saman med Heggeneset) og vil minne om at det i føresegne blir tatt inn at dei som regulant har lov til å drifta/vedlikehalde og ta seg inn til reguleringsområdet med motorisert ferdslle. Dei må og ha moglegheit til å drive med skogrydding dersom det er naudsynt.

Forsvarsbygg kom ikkje med høyringsuttale til Heggeneset, men ga uttale til oppstartsmeldinga. Forsvarsbygg ga uttrykk for at dei ikkje så nokon konfliktar med verneforslaget, og bad om at det ble teke naudsynte unnatak for militær operativ verksemnd. Forsvarsbygg bad vidare om at det særskilte unnataket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy blei teke med i forskrifa, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemnd. Forsvarsbygg har ingen ytterlegare merknader til verneforslaget.

Landbruksdirektoratet har ikkje kome med innspel til høyringa, men har kome med innspel til oppstartsmeldinga. Dei har kome med nokre generelle innspel som gjeld traktorvegar og ferdssvegar, og merking og rydding av slike, stølar/sæterområde, beiting og reindrift. Landbruksdirektoratet skriv vidare at dei går ut frå at Statsforvaltarenens landbruks- og reindriftsfagleg kompetanse blir involvera i utforming av forskrift og verneplan.

Statens vegvesen har under arbeidet med tilrådinga kome med innspel i samband med eigedomsgrenser og fastsettjing av vernegrensa langs RV 36. Forslaget deira er å flytte vernegrensa 8-10 meter vekk frå eigedomsgrensa. Statens Vegvesen har og kome med merknad til den gamle vegtraséen for RV 36 som nå ligg mellom eksisterande RV 36 og Seljordvatn. Dei ber om at ein finner ut om denne gamle traséen høyrer til Statens Vegvesen.

Statsforvaltarens kommentarar:

Lede AS ber i sin uttale til høyringa om at Statsforvaltaren tar kontakt med områdekonsesjonær, Telemark Nett AS for uttale. Telemark Nett AS sto på mottakarlista for høyringa, men har ikkje kome med uttale. NVE har i sin uttale til høyringa bedd om at Telemark Nett AS uttalar seg om behovet knytt til eksisterande eller planlagde prosjekter i verneområdet. NVE har sendt deira uttale i kopi til Telemark Nett AS. Statsforvaltaren har etter oppmoding frå Lede AS tatt kontakt med Telemark Nett AS per e-post (dagsett 15.10.2024) og bedd om uttale, men har ikkje fått svar.

Når det gjeld NVE sin uttale kor dei ber om at Statsforvaltaren tek kontakt med Bø kommune (heiter Midt-Telemark kommune) som er reguleringkskonsesjonær av reguleringsmagasinet Seljordvatn, så har Statsforvaltaren følgt opp dette. Midt-Telemark kommune seier at dei har tatt kontakt med Skagerak Energi AS som handterer reguleringa for kommunen, for å få ei vurdering frå dei. Statsforvaltaren har per 25.10.24 ikkje motteke svar. Statsforvaltaren ettersender eventuelt svar til Miljødirektoratet.

Når det gjeld Statens Vegvesen sitt innspel om å flytte vernegrensa så har Statsforvaltaren løfta grensa ut ca. 8 meter frå RV 36. Om vi skal flytte han 8-10 meter frå eigedomsgrensa mellom Statens Vegvesen og eigaren av eigedom gnr./bnr. 7/8 inneber det at vi tek ut tilbodsareal. Vi finner det ikkje tilrådeleg å flytte grensa så langt, og ber difor Miljødirektoratet å avgjere om det er aktuelt.

Når det gjeld den gamle traséen for RV 36 så finn ikkje vi at den er skild ut som eigedom tilhøyrande Statens Vegvesen. I vårt kartverk er den ein del av gnr./bnr. 7/8.

I samband med uttala frå Forsvarsbygg har Statsforvalteren innarbeidd omsyn til Forsvarets aktivitetar i forskrifta for Heggeneset, jf. § 6.

Til innspel frå Landbruksdirektoratet vil Statsforvaltaren kommentere at vi ikkje kjenner til at det ligg støl/sæterområde innanfor verneforslaget, men at det er teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta.

Navn

Statsforvaltaren tilrår namnet Heggeneset som i høyringsforslaget.

Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna med dei endringane som er gjort etter høyring, sjå kapittel 3.2.

Verneforskrift

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna med dei endringane som er gjort etter høyring, sjå kapittel 3.3.

Statsforvalterens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift og vernekart som beskrive.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Heggeneset, Seljord kommune

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner

Vedlegg 4: Forslag til skjøtselsplan for Heggeneset